

Press frå Sverige bak jødepassa

• Svenskane pressa tyskarane til å stemple «J» på passa til jødane, for lettare å kunne halde jødane unna Sverige.

• Argumenta for ikkje å ta imot flyktningar frå nazismen blir gjentatt i dagens flyktningedebatt.

• Nøytralitet er å satse på den hesten ein trur vinn.

KIRSTEN ROPEID

Sverige fører same flyktningepolitikk i dag som i trettiåra. Og det er ei kjend sak at nazi-Tyskland innførte jødepassa etter påtrykk frå Sverige. Jødepassa gjorde det lettare for oss å halde jødar unna landet.

Peter Bratt er journalist i Avisa Dagens Nyheter i Stockholm. Etter at stadig fleire flyktningar har søkt seg til Sverige den siste tida, og debatten om flyktningepolitikk igjen er blitt aktuell, har han sett på Sveriges haldning til flyktningar tidlegare.

– Det har alltid vore stor semje om at politiske flyktningar skal vere velkomne. Men ei slik semje blir ikkje anna enn ord, når jødiske flyktningar frå nazi-Tyskland ikkje kom inn under omgrepet politiske flyktningar. Eit vanleg argument var at å vere restriktivt var til jødane sine beste. Vart innvandringa for stor, ville opinjonen få vind i segla. Men det er ikkje vanskeleg å sjå at bak slike argument staikk reinsplukka rasisme.

Same argumentet ser vi i dag. Det er ikkje bra for flyktningane sjølve om vi slipper inn for mange av dei. Vi har ein like vag definisjon av politisk flyktning som den gongen jødane vart sende tilbake. I det helle er debatten heilt lik. Vi freistar gje politiet helle ansvaret, og vi vil ha flyktningane avviste alt ved grensa, seier Peter Bratt.

Hemmeleg rundskriv

Etter at dei tyske jødane hadde fått ein stor, raud «J» stempla på passet sitt i 1938, sendte den svenske sosialstyrelsen ut eit hemmeleg rundskriv til passkontrollane med påbod om å stoppe alle tyskarar med slikt pass.

Fram til krigsutbrotet i 1939 kunne jødane fritt reise ut av Tyskland. Problemet var å finne ein plass å reise til. Mellom Sverige og Tyskland var det ingen visumtvang, og det var forholdsvis lett for tyske jødar å ta seg dit. Svensk passkontroll kunne ikkje finne ut kven av dei tyske pass-innehavarane som var jødar. Etter invasjonen av Austerrike innførte Sverige visumtvang for austerrikarar, for å hindre ukontrollert innvandring av austerrikske jødar. Tyskarane svarte med å erklære austerrikske pass for ugyldige, og ville erstatte dei

med tyske. Sveriges mottrekk var å truge med visumtvang også for tyskarar, og i den situasjonen tilbød tyskarane seg å merke ut passa til jødane.

Etter invasjonen av Tsjekkoslovakia tok Sverige imot 250 flyktningar, utvalde av sekretæren for Arbeidarråds flyktningehjelp. Kommunistar og jødar fekk ikkje kome. Jødiske flyktningar kunne fore anti-semitisme med seg, vart det hevda. Da hadde alt fleire fagorganisasjonar sendt brev til regjeringa med protest mot å «oppblande» den nordiske folkestamme.

Klare nazi-sympatlar

17. februar samla 450 studenter seg i Uppsala for å demonstrere mot framlegget om å sleppe eit til tal jødiske medisinske ekspertar til Sverige. I Riksdagen vart framlegget mott med argument som at dei jødiske legar hadde gifflager og abortinstrument i husværs sine.

Eit kontor ved nemnda for utlendningar vart iela av Robert Paulson, ein mann med klare nazi-sympatlar. Han Aleine er ansvarleg for fleire tilfelle der flyktningar vart sende attende til Tyskland for å dø i konsentrasjonsleirar. Det same gjeld for generaldirektøren for Sosialstyrelsen, Bergquist.

Med løyve frå regjeringa samarbeidde tryggingpolitiet med Gestapo. Tryggingpolitiet gjorde fleire razziar mot kommunistar, men ingen mot nazistar. Under ein kommunist-razzia vart dei to norske motstandsmennene Martin Rasmussen-Hjelmen og Barly Pettersen tatt og utlevert til norsk Gestapo. Dei vart seinare avretta i Tyskland.

«Nøytralitet» er hykleri

– Dette stemmer ikkje med det bildet vi har av flyktningepolitikken til eit nøytralt land, Peter Bratt?

– Som Palmstierna ved den historiske avdelinga ved Militærhøgskolens historiske avdeling sa det, alt snakk om nøytralitet er eigentleg berre hykleri. Det det dreier seg om, er å satse på den hesten ein trur vinn.

Og etter at krigen vende og dei allerte fekk framgang, endra også den svenske flyktningepolitikken seg. Dessutan fann plutsleg svensk politi også tyske spionar.

Kjennskapen til denne sida av svensk flyktningepolitikk før og under andre verdskrigen har vi hatt lenge. Den såkalla Sanderkommissjonen kom med sine utgreiingar alt frå 1946 til 1948 som i detalj skildrar hendingane. Vitenskapleg arbeid er og gjort over emnet. Likevel argumenterer og handlar vi i dag som vi gjorde den gongen, utan tanke på kva slike argument og slik handlemåte tidlegare har ført til, seier Peter Bratt.